

KIRKEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 34	Utkommer hver måned	Juli 1933	Utgiver og redaktør: Sogneprest Slaattelid Davik	4. årg.
--------	---------------------	-----------	--	---------

Bønn.

Allmektige evige Gud, du som ved din sønn har lovet oss syndsforlatelse, rettferdighet og evig liv. Vi ber dig, at du ved din Helligånd vil vekke og lede våre hjerter så vi alltid og særlig i alle anfektelser søker vår hjelp hos ham i daglig bønn og finner og oplever denne hjelp ved en rett og fast tro på hans ord og løfter. Ved den samme din sønn, Jesus Kristus vår Herre, som med dig og den Helligånd lever og råder i all evighet.

Amen.

Fyre gudstenesta.

Mel.: Overmåde full av nåde.

Himmelande, kom med nåde,
kom med ljøs og liv og fred!
Du med guddomsvelde råde,
kjærleiks kraft lat strøyma ned.
Livsens ord du oss må tyda,
so det gjer si gjerning god,
og me glade det kan lyda.
Fyll vår sjel med heilag glo!

Herre Krist, me deg vil beda:
Kom med lækjedøm og liv!
Kom til oss i sorg og gleder
og din fred oss alle giv!
Kom til alle hjarta såra,
som på syndebyrdi ber,
tak burt synder, sorg og tåra,
kom med fred til kvar især.

Høyr oss Fader, Son og Ande,
du som hev oss alle kjær,
fri oss ut or synd og vande,
ver oss no i nåde nær!
Kom til gamle, kom til unge,
kvar ei sjel gjer sterk og glad,
so me syng med glo på tunge:
Herren er på denne stad.

Frå Nynorsk salmebok.

Misjonen II.

(Fortsettelse fra forrige nr.).

Jeg har talt om to innvendinger mot misjonen: »Hedninger nok hjemme« og »pengene«. Den tredje og kanskje fornemste er: »Det er fruktesløst«. »Det er bare tøv«, sier man, »å sende ut penger og menn til å arbeide med dette, for det blir intet resultat av det som er verd å tale om.«

Her er misjonens forsvarere for tiden i det tilfelle, at forsvaret er lett. Der vilde behøves en lang tale, hvis jeg skulde ta bare nogenlunde med alt det som er utrettet, især hvis jeg også skulde tale om de fremskritt misjonen har bragt videnskapen og verdenskulturen. Men jeg må være kort. — Nei, Jesus tok ikke feil. Har *han* sagt: »Gå ut og gjør alle folkeslag til kristne,« og vi så går ut for å virkeliggjøre hans program, så tror jeg nok det lykkes. Det går ikke like hurtig til enhver tid og på ethvert sted. Men nettopp nu i vår tid går hedningmisjonen således fremad over hele linjen, at det mange steds er næsten som et mirakel. Der er meget som har forundret mig i nutiden; men ikke meget har forundret mig så som hedningmisjonens fremskritt.

I vet, apostlene og deres samtidige var fremragende menn til å utbrede kristendommen. Hvor mange kristne var der da omtrent ved slutningen av den apostoliske tid — en 60 år etter Jesu opstandelse? En million omtrent. Jeg har sett tallet angitt langt mindre; men jeg tar det største tall jeg har sett nevnt. Nu spør jeg: »Hvor mange har den moderne hedningmisjon omvendt til kristendommen i løpet av 100 år?« 4½ million *nulevende*. Skulde de døde regnes med måtte tallet fordobles. — I 1880 var

der i Madagaskarmisjonen 4000 kristne i menighetene og 9000 barn som besøkte skolelone. I 1908 var der 71000 kristne og 38000 skolebarn. (I 1932 var der 105000 kristne og 28000 skoleelever). Dersom nogen hadde sagt mig for en del år siden, at Madagaskarmisjonen vilde ha gjort slike fremskritt så vilde jeg ha svart: »Visstnok tror jeg at misjonen vil gå fremad, men et sådant fremskritt er vel bare en drøm.«

De land som har drevet kolonialpolitikk, som England, de har rede på misjonens betydning. Den engelsk-ostindiske regjerings rapport for 1880 sier for eksempel: Misjonen har unektelig åndet et ganske nytt liv inn i de folkemasser som her i Indien står under den engelske suveræns scepter. Ved kristendommen er de satt i stand til i enhver henseende å bli bedre mennesker og bedre borgere. Og den engelske guvernør i Sydafrika, Bartle Frere, sa til en av våre misjonærer, Oftebro: »Det som er virket her for å rive de ville ut av deres barbari, det er virket ved eders misjonærer, og vær viss på at hvilke hindringer der enn skal komme for eders gjerning — den skal seire.«

Efter sogneprest J. Jansen.

Um gudstenesta.

Gudstenesta skal for den kristne vera eit møte med Gud. Der kjem Herren til oss med sine gåver i ord og sakrament. Og der skal vi koma til Gud med våre gåver, våre offer: tilbeding og lovprisning, takk og vedkjenning. Dette offer vil Gud i nåde ta imot for Jesu skuld når det vert bore fram med truande og audmjuke hjarto. For retteleg å kunna møte Gud må vi samla hug og tankar um han; vi må vera stille for Herren. Denne indre samling har uendeleg mykje å seia dersom ein verkeleg skal få velsigning av gudstenesta. Under bøn og lesing, under preike og skriftemål og altargang må ein ikkje la tankane fare hit og dit, men ein samla dei um Gud åleine og la hjarta vera med i det alt saman. Alt det ytre i kyrkja skulde vera ei hjelp til dette.

Nettupp difor er det so um å gjera, at det er heilt stilt i kyrkja under gudstenesta.

Ein må vakta seg for alt som kan uroa og spreida tankane; alt slikt er ei hindring for andakten og altso ei hjelp for Satan. Der skal i slike ting vera ein kyrkjeleg kultur, som vi alle skal leggja vekt på og prøva å arbeida fram hjå oss sjølve og andre. Ikkje minst gjeld dette for dei som stadig hjelper til i kyrkja: klokkarar, medhjelparar, kyrkjetenarar.

For det fyrste: Det bør vera stilt i kyrkja fyrr gudstenesta tek til. Som eg tidlegare har skrivt um, so er det ein god ting å koma litt tidleg til kyrkje for å samle seg i bøn og stille og for å be um Guds velsigning over prest og kyrkjelyd. Men det er vanskeleg når andre sit og sollar og pratar, meir eller mindre høgt, slik som det ofte hender fyrr gudstenesta. Har ein noko å tala um med andre enn Gud, so bør ein gjera det ute. Pratar ein inne i kyrkja so forsømer ein sjølv å samla tankane um gudstenesta og ein hindrar andre i å gjera det. La det vera stilt, ogso fyrr tenesta tek til. Ikkje snakking, ikkje kviskring! Stille for Herren!

Og so under sjølve gudstenesta. Her er fyrst å nemna at ein prøva å koma presis og likeins at ein ikkje bør gå før tenesta er heilt slutt. Elles vert det jo stadig uro. Kvar gong det kjem nokon skal sjølv sagt ein heil flokk snu seg og sjå kven det er. Når det ikkje er teppe på golvet er det ikkje råd å gå so stilt heller. Difor er det vi stengjer dørene under altartenesta — for å hindra slik uro. Og difor skal klokkaen aldri byrja på inngangsbøni fyrr folk er komne heilt til ro. Alle skynar vi og at det er ikkje vakkert å gå etter preika, når presten seier: »Lat oss gå fram for Herrens åsyn med takk og bøn«, eller: »Lyft dykkar hjarto til Herren«, eller »Lat oss takka og beda.« Dersom ein absolutt lyt gå fyrr alt er slutt, so bør ein gå under ein salme; då uroar ein minst. — Dette at ein må fara stilt åt gjeld ikkje minst for dei på galleriet. Det hender at det vert for mykje bråk når ungdomar går ned troppene; det er jo utslag av tankeløyse og dårleg oppdraging.

Ein ting lyt eg nemna serskilt, det er når ein tek småborn med til kyrkje. Det er sjølv sagt ein god ting, og for sume mødre, med liti hjelp heime, er det uråd anna dersom

dei skal få koma til kyrkje. Men gjev so borni seg til å snakka eller skrika, so forstyrrar det jo svært, ikkje minst for presten når han er på preikestolen. Dersom ein ikkje er sikker på at dei vil halda seg rolege, bør ein difor vera i sakrestiet med dei. Då kan ein lata att døri eller gå ut med dei um det trengst.

Her i Davik er det visseleg bra med ordenen i kyrkjene, betre enn mange andre stader. Men sjølv sagt kan det verta endå betre, meir stille, mindre uro og prating i kyrkja. Eg vil gjerne be alle tenkja over dette. Det er eit spursmål um kristeleg plikt og um kyrkjeleg kultur.

Eg minner um dei 3 reglar som eg tidlegare har skrivne um: 1. Møt fram i god tid. 2. Stans til gudstenesta er heilt slutt. 3. Syng med ogso i kyrkjesvari. — Og so kan ein leggja til som nr. 4. Ver stille fyre og under gudstenesta. Pass deg for alt som kan uroa og forstyrre.

Notisar.

Til Davik sjukerøktlag er kom inn: Adlemspen-
gar: Hunskaar 14 kr., Berle 5, Kjølsdal 48, Maur-
stad 4. — På årsmøte 25. februar vart vedteke
nye lover og namnet på laget vart mot 1 røyst
brigda frå Davik sanitetsforening til Davik sjuke-
røktlag.

Til orgelet i Davik er kome inn: Frå Alfred Myr-
vang 100 kr. (tidlegare 150 kr.).

Ofringar: I Davik til sundagsskuleforbundet 31.
mai kr. 31.87; i Rugsund til det same 1. juni 25.03.
I Totland 11. juni til det kristelege ungdomsfor-
bund 82.79.

Basarar og festar: På Isane 15. juni til Nord-
ljord ungdomsskule 40 kr. — Maurstad og Rim-
stad kvinneforeining for sjømannsmisjonen 3. på-
skedag 166; børspeingar 125; tilsaman 291. —
Barneforeining i Kjølsdal 3. påskedag kr. 163.56
brutto; delt likt millom Kinamisjonen og umstrei-
farmisjonen. — Oldeide 25. mai 123.18; herav 25
kr. til redningssaki, 25 kr. til sjukepleien og resten
til Kinamisjonen. — Bortne indremisjonsforeining
3. påskedag 108.42; herav 30 kr. sendt til hovud-
styret, Oslo og resten til Nordljord krins. —
Aalfot 14. mai til sjømannsmisjonen 150. — Davik
3. pinsedag til heidningmisjonen 173.73.

3. pinsedag var det 70 år sidan Davik misjons-
foreining vart skipa av sokneprest Meyer. Den
hadde medlemmer frå heile prestegjeldet, og er lik-
som mor til alle heidningmisjonsforeiningane i he-
radet. —

Ektevigde: 18. februar i Davik Jakob Jonsson
Visnes, Verpeide, og Alma Pedersdr. Grindøy. —
9. juni i Totland Olaf Vilhelmsson Nordpoll, Selje,
og Brita Larsdr. Maurstad. — 16. juni i Davik
Peder Hansson Etterdal og Ingeborg Andersdr.
Endal. — 19. juni i Aalfot Valdemar Martinusson
Vik og Anna Andersdr. Kandal, Breim. — 13. juni
i Rugsund Sigurd Sivertsson Hestevik og Karoline
Rasmusdr. Ommedal, Gloppen. — 8. juni i Ned-
strvn Peder Johnsen. Kjølsdal, og Anna Eliandsdr.
Myklebust, Aalfot. — 23. juni i Davik Isak Ha-
raldsson Maurstad og Brita Pedersdr. Elde. —
23. juni i Davik Knut Pedersson Elde og Signy
Johannesdr. Matland, Bremanger.

Gardsnamn i Davik. Nore av gamalnorsk
Norår av nor: trong stad i en fjord eller i ei
elv, og år: elvar. — Nave av nov: fjellhyrna.
Maurstad, kanhenda av insektnamnet maur,
brukt som tilnamn for ein mann. — Åsnes, av
ås eller av mannsnamnet Orm. — Hermed er vi
ferdige med gjenomgåing i herad-
det. Opplysningane er tekne fra »Norske gårds-
navn«, bind 12.

For 100 år sidan. Vigde: 19. juni 1833 Ras-
mus Bortne, 31 år, son til Erich Thorbjørnsen og
Eli Lilleøyen, 28 år, dotter til Waldemar Larsen. —
1. juli Lars Tytingvåg, 26 år, son til Jacob Tho-
resen, og Brithe Tytingvåg, 44 år, tidlegare gift
med Erich Jørgensen Krabbestie. — 1. juli Abso-
lon Sørhelleren, 28 år, son til Ellev Absalonsen,
og Else Svorren, 28 år, dotter til Martines Endre-
sen Svorren, enkje etter Enoch Jacobsen Liesæter.
2. juli Peder Sigdestad, 22 år, son til Mons Olsen,
og Marthe Førde, 25 år, dotter til Torsten Mar-
tinsen. — 2. juli Rasmus Elde, 26 år, son til Au-
gustinus Uldriksen, og Eli Rødeggen, 24 år, dotter
til Niels Jacobsen. — 2. juli Isaach Solibakke, 23
år, son til Ole Jensen, og Johanne Mourstad 20 år,
dotter til Didrik Didriksen. — 2. juli Mons Uglen, 27
år, son til Peder Pedersen, og Anne Davignæs, 27
år, dotter til Abel Olsen. — Døde: 1. juni Mag-
deli Rasmusdr. Elde, kårkone, 87 år. 7. juli Anne
Andersdr. Førde, kårkone, 60 år. 4. juli Rasmus
Pedersen Tytingvaag, gårdmann, 48 år.

Gudstenester og sundagspreiker.

6. sund. etter treein., 23. juli: Davik og Almen-
ning.
7. sund. etter treein., 30. juli: Aalfot og Kjølsdal.
8. sund. etter treein., 6. aug.: Davik og Rugsund.
9. sund. etter treein., 13. aug.: Totland og
Hennøy.
10. sund. etter treein., 20. aug.: Krinsane i Få-
fjorden.

Ved alle gudstenester i kyrkjene altargang um
nokon ynskjer det.

Kvittering for kontingent. Torheim: Ivar
Torheim 3 kr., Ole T. Torheim 2, Johan Torheim
2.50. — Aalfot: Hans Sigdestad 3, Peder J.
Myklebust 1.50. — Isane: Karl Orheim 2. —

Dombestein: A. Indrebø 2. — Davik: Kristianne Blomvoll 2. — Levdal: Hans J. Lefdal 4; R. Andenes, A. Roset 2; Nils Lefdalshjelle. Elling Midthjell 3; Johan J. Lefdal 5; Pernille Lefdalsnes, Peder K. Midthjell, R. Lefdalsnes 2.50. Rugsund: J. Benæs 2. — Leirgulen: M. Mjånes 3. — Husevåg: Isak Ingebriktsson Husevåg 3. — Rimstad: Kristine Myklebust 2. Utanbygds: Alette Hundvik, Nordfjørdeid, 1; Mrs. Marie Murie, U. S. A. 3; Mrs. Hanna Arntzen, U. S. A. 3; Marie Askevik, Vagsvåg 2.50.

Hjarteleg takk til alle.



Våre døde.

10. juni: Ragnhild Olsdtr. Askevik, Førde, plassmanns enkje, f. 1851 i Eid, alderdom.

16. juni: Anna Olsdtr. Myklebust, hm., f. 1898, tuberkulose.

Søk Herren medan han er å finna,
kalla på han den dag han er nær.

Es. 55, 6.

Misjonsarbeidet i Davik.

3. pinsedag var det som nevnt i notisene 70 år siden den første misjonsforening blev stiftet i Davik. Fra foreningens protokoll bringer vi her en del opplysninger fra misjonsarbeidet i Davik i den første tid.

Protokollen begynner således: »Efter at i lengere tid ved enkelte bestrebelse kunnskap om og interesse for den norske kirkes misjon blandt hedninger var søkt fremmet, avholdt sogneprest C. Meyer 2. og 3. og 4. søndag efter påske misjongsudstjenester i prestegjeldets samtlige kirker for mange tilhørere, og efter innbydelse av sognepresten avholdtes i Daviken et misjonsmøte 3. pinsedag (1863), der besøktes av mange. Møtet åpnedes med avsyngelse av en salme og bønn av sogneprest Meyer. Derefter holdtes foredrag av hovedkirkesanger Rosenlund, hvorpå stud. theol. Peter Meyer opleste en beretning om den evangeliske misjon og avsluttet med bønn. Derefter stiftedes en *misjonsforening for Daviks prestegjeld*, i hvilken 159 personer lot sig antegne som medlemmer. Til medlemmer av bestyrelsen utvalgte derefter for: Aalfoten sogn kirkesanger Anders Salomonsen Løken, grdbr. Steffen Olsen Isene; Daviks sogn sogneprest

Christian Meyer, hovedkirkesanger Johannes Rosenlund, grdbr. Ole Olsen Isene (Frimannslund); Rugsund sogn hr. Henrik Friis, kirkesanger Henrik S. Grindevold, skolelærer Peder Pedersen Otteren, skolelærer Anders Knudsen Thue. Til ordfører valgtes sogneprest Meyer. Til kasserer kirkesanger Rosenlund. Til deputerte fra foreningen ved kretsområdet i Førde i sommer valgtes: 1. Sogneprest Meyer. 2. Hovedkirkesanger Joh. Rosenlund, og i deres mulige forfall som suppleanter: 1. Stud. theol. Peter J. N. Meyer og 2. kirkesanger Anders S. Løken.«

I denne forening var der altså medlemmer fra hele prestegjeldet. P. Meyer og kirkesanger Rosenlund holdt et par misjonsmøter i løpet av sommeren 1863. 29. september var der møte i skolestuen i Davik. »Ordføreren meddelte underretning om at en kvinneforening nylig hadde dannet sig, hvis bestyrelse bestod av fru B. Meyer, madamene Amalie Elstrand, Antonette Friis og frøken Dina Meyer. Den tallet allerede 66 medlemmer, hvortil idag kom 14, der ved arbeide vilde bidrage til fremme av misjons-saken, medens de tillike var medlemmer av den almindelige forening, bestående av menn og kvinner, der med de idag tilkomne medlemmer teller 246.«

Småstykker.

En liten gutt hadde hørt fortellingen om de vise fra Østerland. Da man spurte ham, hvordan de vise kunde vite, at Jesus var født, svarte han straks: »Det hadde de naturligvis lest i avisene.«

Et litet barn hadde hørt om Josef, og der var bl. a. blitt sagt, at Farao satte Josef over hele sitt hus. Da den lille skulde fortelle dette igjen, sa han: »Og Farao satte Josef på taket av huset.«

*

Der gives tre slags mennesker: nogen, som tjener Gud, som de har funnet; de er forstandige og lykkelige. Nogen søker ham, men har ennå ikke funnet ham; de er forstandige, men ennå ulykkelige. Nogen lever uten å søke Gud. Disse mennesker er dårer og ulykkelige.